Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Tilleggsspørsmålnr. Ting til

Emne: lækjedom og vern

Oppskr. av: Trygve Vinje

(adresse): Frette

Fylke: Hordaland

Herad: Etne

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Ringar mot gikt var kjende for ca. 50—60-70 år sidan. Torbjørn Ljusnes gjekk alltid med ein messingring fyllt med kvikksylv til hjelp mot gikta. Slike ringar kalla dei giktringar. Seinare kom elektriske giktringar i bruk.

El. Giktbelte var også bruka. Slike elektriske ringar og belte vart lagde i eddik.

El. Øyreringar mot gikt vart også bruka. Eg har sett ein som bestefar min Gunnar Nernes bruka for ca 50 år sidan. Den såg såleis ut og vart hengd på øyra.



9332